

# HØYRINGSUTTALE

## REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND

### 2018 – 2029

Haukanes og Bjelland Grendalag kjem hermed med høyringsuttale til regional transportplan 2018 – 2029 på vegne av medlemne og bebuarane på Haukanes.


Det er svært ynskjeleg at heile eller delar av Fv. 546 på Austevoll blir definert som ein overordna vegnett då den oppfyller fleire av dei fem kriteria dykk sett under punkt 5.2.1.1 i planframlegget.

- Vegen vil kunne være eit bindelegg i senterstrukturen (kriterium 1)
- Vegstrekninga er viktig i eit beredskapsomsyn (kriterium 3)
- Vegen er viktig av næringsomsyn (kriterium 4)
- Vegen har høg trafikkbelastning i forhold til den dårlege vegstandarden (kriterium 5).

Vegpartiet er og omtalt tidlegare i Hordaland fylkeskommunes handlingsprogram 2015 – 2017, vedlegg til Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024. Der skriv dykk følgjande om vegpartiet.

*«Fv 546 frå rundkøyringa ved Eidsbøen til Fiskarfagskulen (Bjellandsvegen og Haukanes). Dette partiet på 3,7 km har ein svært låg standard og kommunen har fått utarbeidd eit forprosjekt i to alternativ. Forprosjektet konkluderer med at ein bør gå vidare med planlegging av eit alternativ med ein 280 meter lang tunell. Dette alternativet vil korte inn strekninga med 550 meter og kostnadsoverslaget er på 122 mill.»*

Blir det aktuelt at berre delar av Fv 546 blir overordna fylkesvegnett bør strekninga frå rundkøyringa på Eidsbøen (der Fv. 154 skil seg ut frå Fv. 546) forbi bustadsbebyggelsen på Haukanes prioriterast. Vegstrekninga blir synt på Figur 1 og det er den resten av uttalen siktar til i skildringa vidare.



Figur 1: Kart som syner den omtalte vegstrekninga (Henta frå vegvesen.no/vegkart den 23.03.2017).

### Kriterium 1: Bindeledd i senterstrukturen

Utbetring av vegen vil føre til at Haukanes og Bjelland blir nærare knytt til sentrum på Storebø. Dagens vegforhold er så dårlege at bebuarane på Haukanes og Bjelland må nytta bil for å ta seg til sentrum. Dette skaper ein avstand mellom bygdene og sentrum som ikkje burde være der, samtidig som det aukar trafikkmengda på den allereie farlege vegstrekninga. Ein utbetring av vegen vil føre til at folk kan gå og sykla til Storebø, kor dei fleste i dag ikkje tørr dette på grunn av vegforholda. Det skjer ofte hendingar som kunne fått eit stygt utfall om marginane hadde vore annleis. Dette gjenspeglast og av at både barne- og ungdomsskuleelevar som bur på Haukanes og Bjelland har krav på gratis bussforbindelse til skulen grunna at skulevegen er for farleg til å gå på. Ein anna viktig faktor med tanke på barne- og ungdomsskuleelevar er at dei fleste fritidsaktivitetane skjer på Eidsbøen/Storebø. Disse fritidsaktivitetane korresponderer sjeldan med bussruter, og sidan vegforholda er så pass dårleg føler foreldra seg naudsynt og køyra borna. I den samanhengen er det er også verdt å nemna at Haukanes er staden på Austevoll med størst prosentvis auke i folketal på Austevoll.

Ser ein i eit større perspektiv er Fv. 546 er den kortaste vegen frå Austevoll til E39, og det nærmaste ein kjem eit bindeledd mellom Storebø og regionsenteret i Sunnhordaland.

Ved eit eventuelt nytt ferjesamband frå Austevoll eller fastlandsbru, er området sør for Haukanes det mest aktuelle området, og då vil ein måtte utbetre infrastrukturen betrakteleg.

### Kriterium 3: Strekingen er viktig av beredskapsomsyn

Vegen er svært viktig i forhold til beredskap fordi den leder til ferjesambandet Husavik – Sandviksvågen som er det einaste alternativet utfartsåra frå Austevoll utanom ferjesambandet Hufthamar – Krokeide.

Vegstrekninga slik den er i dag er ikkje kapabel til å handtere trafikkmengda ein mogeleg stans /stenging på fegra/fergeleiet ved Hufthamar vil føra til. Det har vore nokre slike situasjonar der dette har skjedd. Til dømes har fergja tidlegare både stått fast, og øydelagd fergekaien på Hufthamar, og dette skapte kaos på Fv. 546 forbi Haukanes.

### Kriterium 4: Viktig av næringsomsyn


Austevoll er ein av Noregs fremste næringslivskommunar og Fv. 546 er svært viktig for frakt av fisk ut av kommunen. All tungtrafikk som nytta ferjesambandet på Husavik køyre og om Haukanes på grunn at denne vegen er den desidert kortaste frå Storebø, samt at avkøyrslforholda er for dårlege på den andre vegen mot ferjesambandet. Dette skaper auke i tungtrafikken og ofte at ein hamnar i potensielt farlege situasjonar.

På strekninga ligg også Austevoll vidaregåande skule med om lag 40 tilsette og 200 elevar. Havforskningsinstituttet ligg også i same område som vidaregåande og her er det og om lag 40 tilsette. Ein har her komme langt i forprosjektet av blått kompetansesenter der målet er å bygge bru mellom vidaregåande opplæring, marine/maritime verksemdar og kunnskapsmiljø på høgare nivå, slik at elevane vert sikra relevant utdanning og praksis, og at verksemdene vert sikra arbeidskraft med rett yrkesfagleg kompetanse. Dette er eit større bygg som vil medføre mange nye arbeidsplassar.

I Kolbeinshamn er det og to bedrifter som driv innan oppdrettsnæringa, og disse gir arbeidsplass til om lag 25 personar.

Det med andre ord mange viktige arbeidsplassar for Austevoll som ligg på Haukanes, og ein viktig skuleveg for elevane ved den vidaregåande skulen. Ein utbetring av vegen vil styrke tryggleiken for både dei tilsette og elevane ved skulen. Samt alle som bur på Haukanes og Bjelland som pendlar mot Storebø for å komma seg til jobb/skule.

Det er også planlagt nye næringsformål sør for Haukanes. Her er ein i gong med å laga reguleringsplan for landbasert kråkebolleoppdrett på gnr. 45, bnr. 7 mens nabotomta gnr. 46, bnr. 208 også blir regulert til næringsformål. Dette vil skapa ytterlegare arbeidsplassar i området, og vil føra til økt press på den allereie belasta vegen.



Figur 2: Utklipp av Austevoll kommuneplan (2012 - 2023) som viser store areal avsett til næringsformål (lilla) og framtidig næringsformål (mørk lilla) sør for Haukanes. Her er det gjort oppstartsløype til to reguleringsplanar og disse er planlagt ferdig i 2017.

### Kriterium 5: Viktige på grunn av høg trafikkbelastning

Trafikkbelastninga på vegen er stor i forhold til vegstandard. Siktforholda er dårlege og det er mange parti der vegen er så trang at to personbilar ikkje kan passere i breidda, møtast lastebilar eller buss er det full stopp.

Som det stod i innlending så har Hordaland Fylkeskommune sjølv definert vegen som ein veg med svært låg standard. Austevoll kommune skriv følgjande om vegtraseen sin trafiksikringsplan frå 2015.

*«Delstrekninga frå Bjelland (kryss Fv 154) mot Haukanes har ei køyrebane som er mindre enn fire meter. Trafikkmengda ligg på 500 – 1000 ÅDT. Strekninga er svært uoversiktleg og har bratte skråningar på begge sider av vegen. Rekkverk har blitt oppgradert på nokre delstekk, men på fleire strekningar er det framleis i dårleg stand. Resten av strekninga har varierende vegbreidder mellom mindre enn fire meter opp til seks meter.»*

Statens vegvesen har utrekna ein årstdøgntrafikken (ÅTD) på 850 i 2016, kor 8% utgjer «lange køyretøy».

Lokale kjelder har også fortalt om episodar med steinsprang på strekninga, fleire små kollisjonar med materiell skade på køyretøy, samt ein påkøyrseepisode på med døden til følge.

## Delmål

Ein utbetring av vegen vil oppfylle fleire av delmåla dykk syner til under punkt 5.1 i planframlegget dykkar.

*Nullvisjon – eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde.*

- Vegene er farleg slik den er i dag, både for bilistar men også særleg for mjuke trafikantar. Dette er også omtalt i fleire nyheitsartiklar. Eksempelvis kan ein lesa og sjå Terje van der Meeren sin dokumentasjon av den omtalte vegstrekninga via denne linken <https://www.nrk.no/hordaland/syklist-filmer-livet-pa-farlig-vei-1.11752275> Artikkelen har fleire videoar og alle er frå strekningen denne høyringsuttalen omtalar.

Det er eit tidsspørsmål før det skjer ei alvorleg ulykka her, og alle vill vere tent med at ein kan ligge i forkant av ulykka. Slik at ein utbetre vegen og dermed hindrar ulykka, i staden for å være etterpåklok og si at noko burde ha skjedd tidlegare.

*Redusere klimagassutslepp frå bygging, drift og vedlikehald.*

Over tid vil ein få mindre klimagassutslepp ved at fleire av bebruarane på Haukanes og Bjelland kan gå og sykla til jobb/skule, eventuelt at tilsette og elevar ved Austevoll vidaregåande og Havbruksstasjonen slepp og køyra til området. Det vil også bli mindre «rykk og napp» køyring på staden, då ein unngår stans, krabbekøyring og rygging til nærmaste møteplass.

## Tilleggsinformasjon

Det blei gjennomført eit forprosjekt for utbetring av vegtrasen i 2011, og denne ligg som Vedlegg 1, løysninga ein kom fram til var å etablere ein tunnel på det verste stykke av vegen. Sidan den gong har saka låge i ro i påvente av kommunen.

No har det lokale plankonsulentfirmaet Plan Consult AS tatt initiativ til å utarbeida reguleringsplanen for Austevoll kommune dersom dei får løyve frå kommunen, slik at ein kan få gong i utbetringa som lokalmiljøet på Haukanes har venta på i fleire tiår. Blir vegen definert som overordna fylkesvegnett kunne ein fått fortgong i arbeidet og gjera det meir gjennomførleg. Ein vil og kunne omgjering deler av dagens veg til gong- og sykkelveg slik at trafikksikkerheita for mjuke trafikantar vært kraftig forbetra.

## Konklusjon

Det er naudsynt at heile, eller den omtalte strekninga av Fv. 546 blir definert som overordna fylkesvegnett slik at ein utbetring av vegen får høg prioritering. Ein vil då få eit nærare band mellom Bjelland, Haukanes og Storebø. Ein utbetra beredskapen i heile kommunen. Ein vil styrke næringslivet både på Haukanes, Storebø, og elles i kommunen. Ein vil utbetra ein av dei verste vegtraseane i kommunen, samt at vegen frå Storebø mot Husavik, som er ein av dei to hovudfartsårene frå Austevoll, blir kraftig utbetra.

Me vonar vegen vår ikkje blir oversett fleire gongar.

Beste helsing

Haukanes og Bjelland grendalag

- på vegne av folk i grenda.

**Vedlegg 1: Forprosjekt. Fv 546 parsellen Bjelland – Haukanes**

**Vedlegg 2: Høyrings svar Havforskningsinstituttet 30.04.2015.**

**Kjelde:**

*Austevoll kommune (2013). Austevoll kommuneplan 2012 – 2023. Plankart.*

*Austevoll kommune (2015). Trafikksikringsplan. Kommunedelplan 2015 – 2023.*

*Hordaland fylkeskommune (2012). Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024.*

*Hordaland fylkeskommune (2014). Handlingsprogram 2015 – 2017. Vedlegg til Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024.*

*Hordaland fylkeskommune (2016). Planprogram. Regional transportplan 2018 – 2029.*

*Hordaland fylkeskommune (2017). Planforslag. Regional transportplan 2018 – 2029.*

*Norsk rikskringkasting AS (2014). Sinde Vik Helgheim. Her sykler han med hjertet i halsen hver dag. Henta frå <https://www.nrk.no/hordaland/syklist-filmer-livet-pa-farlig-vei-1.11752275> den 27.03.2017.*

*Statens vegvesen (2017). Vegkart. Henta frå <https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/@-39817,6700378,13> den 29.03.2017. «Inneholder data under norsk lisens for offentlige data (NLOD) tilgjengeliggjort av Statens vegvesen.»*

**Andre kjelder:**

*J. Tufteland AS – Reguleringsplanarbeid på gnr. 46, bnr. 208.*

*Plan Consult AS – Reguleringsplanarbeid mot Kråkebolleoppdrett på gnr. 45, bnr. 7.*

**Kopi:**

<i>Austevoll kommune</i>	<a href="mailto:postmottak@ austevoll.kommune.no">postmottak@ austevoll.kommune.no</a>
<i>Ordfører Morten Storebø</i>	<a href="mailto:morten.storebo@ austevoll.kommune.no">morten.storebo@ austevoll.kommune.no</a>
<i>Plan Consult AS</i>	<a href="mailto:post@ planconsult.as">post@ planconsult.as</a>
<i>Statens vegvesen</i>	<a href="mailto:firmapost-vest@ vegvesen.no">firmapost-vest@ vegvesen.no</a>